Konkurransegrunnlag

Open tilbodskonkurranse
etter forskrifta del I og III
for anskaffing

Vintervedlikehald av kommunale vegar

Avtalenr. 2026/4451

KVINNHERAD
KOMMUNE

Innhald

1. Generell skildring 3
1.1 Om oppdragsgjevar 3
1.2 Føremål med anskaffinga og verdi/omfang 3
1.3 Kontraktsperiode og opsjonar 3
1.4 Delanbod 3
1.5 Viktige datoar 4
2. Reglar for gjennomføring av konkurransen og krav til anbod 4
2.1 Prosedyre for anskaffinga 4
2.2 Krav til løns- og arbeidsvilkår 4
2.3 Offentlegheit og teieplikt 5
2.4 Atterhald 5
2.5 Vedståelsesfrist 5
2.6 Oppdatering av konkurransegrunnlaget 5
2.7 Tilleggsopplysningar 5
2.8 Avlysing av konkurransen 5
2.9 Kostnader med å delta i konkurransen 5
3. Det europeiske eigenerklæringsskjemaet (espd) og avvising 5
3.1 Generelt om ESPD 5
3.2 Nasjonale avvisingsgrunnar 6
3.3 Samla erklæring for alle kvalifikasjonskrav i ESPD skjemaet 6
3.3 Brukarstøtte ESPD 6
4. Kvalifikasjonskrav 6
4.1 Skatteattest 6
4.2 Leverandøren si organisatoriske og juridiske stilling 6
4.3 Leverandøren si økonomiske og finansielle stilling 7
4.4 Leverandøren sine tekniske og faglege kvalifikasjonar 7
5. Tildelingskriterium 7
6. Innlevering og utforming av tilbod 9
6.1 Innlevering av tilbod 9
6.2 Tilbodet si utforming 9
7. Kontrakt 9
7.1 Samarbeid og endringer 9
7.2 Oppsigelse 10
7.3 Ekstraordinær oppsigelse 10
7.4 Transport av avtalen 10
7.5 Underleverandører 10
8. Vedlegg 10

1. Generell skildring

1.1 Om oppdragsgjevar

Oppdragsgjevar er Kvinnherad kommune, og avtaleeigar vert eining for veg og park
Oppdragsgjevar sin kontaktperson er:
Namn: Jorunn Karin Furdal

Eventuelle spørsmål skal, innan frist for å stilla spørsmål, rettast til kontaktpersonen som melding via konkurransegjennomføringssystemet KGV- light. www.kgvlight.com
Det skal ikkje vere kommunikasjon med andre personar hos oppdragsgjevar som gjeld anbodskonkurransen enn nemnte kontaktperson.

1.2 Føremål med anskaffinga og verdi/omfang

Anskaffinga gjeld i første rekkje vintervedlikehald av kommunale vegar og plassar. Vegane er inndelte i 10 roder. Endring i roder, område og lengde kan førekome i kontraktsperioden. Timepris blir rekna frå ein startar vintervedlikehaldet på roda. Leveransen må vere i samsvar med krava i konkurransegrunnlaget med vedlegg.

Rammeavtalane sitt estimerte årlege omfang er kr 3 mill. Maksimal verdi i avtaleperioden er kr 15 millionar ekskl. mva.
Det vart understreka at oppgjeven verdi er eit estimat basert på opplysningar frå eigne økonomidata, samt forventningar om framtidig behov. Antatt kontraktsverdi er av informativ karakter, og oppdragsgjevar er ikkje bunden av denne. Volumet vil kunne variere som følgje av endringar i økonomiske rammevilkår, politiske vedtak og marknaden elles.

1.3 Kontraktsperiode og opsjonar

Avtalen er planlagt å gjelde i frå 15.10.2026 til 30.09.2031 kor dei tre siste årene er ein einsidig opsjon for kommunen med 1+1+1 år. Opsjonen trer automatisk i kraft dersom kommunen ikkje varslar leverandør tre månader før opsjonstida tek til.

Kvinnherad kommune ynskjer og opsjon på andre vegvedlikehaldstenester hos kontraktørane, eksempelvis skraping, grusing og graving. Oppramsinga er ikkje uttømmande. Oppdragsgjevar har ein rett men inga plikt til å nytta opsjonen.

1.4 Delanbod

Kvinnherad kommune har som mål å inngå kontrakt/er med ein eller fleire leverandørar for å dekke oppdragsgjevars behov for ovanfor nemnte tenester.

Det kan gjevast tilbod på ein eller fleire roder. Dersom ein tilbydar vil gi pris på fleire roder skal pris pr. time fyllast ut i prisskjema (vedlegg D) for den/dei rodene tilbodet gjeld for.
Det skal og leverast eit skjema (vedlegg B) kvalifikasjonskrav punkt 4.4, for kvar rode. I kvart skjema (vedlegg B) skal det tydeleg angis kva for ein rode tilbodet gjeld.

For det tilfelle at tilbydarane gir tilbod på ulike av rodegrupper er det opp til oppdragsgjevar sitt skjønn å fordele rodene på den måten som samla sett er økonomisk mest fordelaktig for oppdragsgjevar.

1.5 Viktige datoar

Oppdragsgjevar har lagt opp til følgjande tidsramme for prosessen:

Aktivitet	Tidspunkt
Frist for å stille spørsmål til konkurransegrunnlaget	29.06.2026 kl.12.00
Frist for å levere anbod	03.07.2026 kl. 12.00
Anbodsopning	03.07.2026
Evaluering	Veke 28-29
Val av leverandør og melding til leverandørar	Veke 29
Kontraktsinngåing	15.10.2026
Anbodet sin vedståelsesfrist	90 dagar frå tilbodsfrist

Det vert gjort merksam på at tidspunkt etter tilbodsfrist er førebels og kan bli justert. Ei eventuell forlenging av tilbodet sin vedståingsfrist kan berre skje dersom leverandøren godkjenner dette.

2. Reglar for gjennomføring av konkurransen og krav til anbod

2.1 Prosedyre for anskaffinga

Anskaffinga vert gjennomført i samsvar med lov om offentlege anskaffelser av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlege anskaffelser (FOA) FOR 2016-08-12-974. del I og del III.
Kontraktstildeling vil bli føreteke etter prosedyren open anbodskonkurranse, jf. FOA § 13-1(1).

I denne konkurransen er det ikkje høve til å forhandle. Det er følgjeleg ikkje anledning til å endre anbodet etter at anbodsfristen har gått ut. Vidare vert det gjort merksam på at anbod som inneheld vesentlege avvik frå anskaffingsdokumenta skal avvisast etter forskrift om offentlege anskaffelser § 24-8(1) b. Oppdragsgjevar kan avvise anbod som inneheld avvik frå anskaffingsdokumenta, uklarheter eller liknande som ikkje må sjåast som ubetydelege, jf. forskrifta § 24-8(2) a.

Leverandøren vert oppmoda til å følgje dei tilvisingar som vert gjeve i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg og eventuelt stille spørsmål om noko er uklårt per melding via kgv til kontaktperson.

2.2 Krav til løns- og arbeidsvilkår

Kontrakten vil innehalde krav om løns- og arbeidsvilkår, dokumentasjon og sanksjoner i samsvar med forskrift om lønns- og arbeidsvilkår av 8. februar 2008 nr. 112.
Alle leverandørane som underteiknar avtale med oppdragsgjevar, skal fylle ut skjemaet «Eigenrapportering av lønns- og arbeidsvilkår» (vedlegg I). Rapporteringa skal sendast til oppdragsgjevar innan éin månad etter at kontraktsperioden har starta.
Oppdragsgjevar gjer merksam på at slik eigenrapportering kan bli kravd fleire gonger i løpet av avtaleperioden.

2.3 Offentlegheit og teieplikt

For ålmenta sitt innsyn i dokument knytt til ei offentleg anskaffing gjeld offentleglova. Oppdragsgjevar og denne sine tilsette pliktar å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningstilhøve det vil være av konkurransemessige omsyn å halde hemmeleg, jf. *FOA §§ 7-3 og 7-4* og, jf. *Forvaltningslova § 13.*

2.4 Atterhald

Om anbydar tek atterhald om deler av konkurransegrunnlaget / kravspesifikasjonen / kontrakt eller andre konkurransedokument, skal dette gå klart fram av, vedlegg H

2.5 Vedståelsesfrist

Leverandøren må vedstå seg tilbodet sitt til det tidspunktet som er gjeve opp i pkt. 1.5. ovanfor.

2.6 Oppdatering av konkurransegrunnlaget

Eventuelle rettingar, suppleringar eller endringar av konkurransegrunnlaget, samt spørsmål og svar i anonymisert form, vil bli formidla til alle leverandørar som har registrert si interesse for anskaffinga på Doffin.no.

2.7 Tilleggsopplysningar

Eventuelle spørsmål skal, innan fristen for å stille spørsmål gjeve opp i pkt. 1.5, rettast som melding i konkurransegjennomføringsverktøyet (kgv.): www.kgvlight.com.
Det skal ikkje vere anna kontakt/kommunikasjon med kommunane som gjeld anbodskonkurransen enn via kgv.
Trenger du teknisk support, kan eu-supply si brukarstøtte kontaktast på tlf. 23960010 eller per e-post: kgv@eu-supply.com Om det vert oppdaga feil i konkurransegrunnlaget, ber vi om at dette umiddelbart blir formidla skriftleg som melding i kgv.
Det same gjeld ev. spørsmål om tilleggsopplysningar om leverandøren finn at konkurransegrunnlaget ikkje gir tilstrekkeleg rettleiing.

2.8 Avlysing av konkurransen

Oppdragsgivar kan avlyse konkurransen om det ligg føre sakleg årsak. Manglande budsjettdekning er å sjå som sakleg årsak.

2.9 Kostnader med å delta i konkurransen

Ein kvar kostnad som anbydar pådreg seg i samband med konkurransen må dekkast av anbydar. Det same gjeld kostnader som er pådregne ved demonstrasjonar, testar, vareprøvar, forhandlingar, oppstartsmøter eller liknande. Dette gjeld sjølv om konkurransen skulle bli avlyst.

3. Det europeiske eigenerklæringsskjemaet (espd) og avvising

3.1 Generelt om ESPD

Som foreløpig dokumentasjon på at kvalifikasjonskrav er oppfylt, at det ikkje ligg føre grunnar for avvising og eventuelt oppfylling av utvalskriterier skal leverandøren fylle ut vedlagte ESPD skjema. Skjemaet skal leverast saman med anbodet. Den leverandøren som blir innstilt til kontraktsinngåing må før kontrakt vert inngått dokumentere at kvalifikasjonskrav er oppfylt i samsvar med dei opplyste dokumentasjonskrav.

3.2 Nasjonale avvisingsgrunnar

Etter ESPD del III: Avvisingsgrunnar, seksjon D: «Andre avvisningsgrunner som er fastsatt i den nasjonale lovgivinga i oppdragsgivarens medlemsstat» De norske anskaffingsreglane går lenger enn det som følgjer av avvisingsgrunnane gjeve i EUs direktiv om offentlege anskaffingar og i standardskjemaet for ESPD. Det vert derfor presisert at i denne konkurransen gjeld og alle avvisingsgrunnane i FOA § 24-2, inkludert dei reint nasjonale avvisingsgrunnar.

Følgjande av avvisingsgrunnar i FOA§ 24-2 er reint nasjonale avvisingsgrunnar:

- §24-2(2). I denne bestemmelsen er det angitt at oppdragsgjevar skal avvise ein leverandør når han er kjent med at leverandøren er rettskraftig dømt eller har vedteke eit førelegg for dei angjevne straffbare tilhøva. Kravet til at oppdragsgjevar skal avvise leverandørar som har vedteke førelegg for dei angjevne straffbare tilhøva er eit særnorsk krav.
- 24-2(3) bokstav i. Avvisingsgrunnen i ESPD skjemaet gjeld berre alvorlege feil i yrkesutøvinga, medan den norske avvisingsgrunnen også omfattar andre alvorlege feil som kan medføre tvil om leverandøren sin yrkesmessige integritet.

3.3 Samla erklæring for alle kvalifikasjonskrav i ESPD skjemaet

For denne konkurransen kan leverandørane i ESPD skjemaet gje ei samla fråsegn om at han oppfyller alle dei kvalifikasjonskrava som går fram av dette konkurransegrunnlaget. Dette blir gjort i Del IV seksjon a i ESPD skjemaet.

3.3 Brukarstøtte ESPD

For brukarstøtte knytt til ESPD sjå: https://www.anskaffelser.no/veileder-til-reglene-om-offentlige-anskaffelser/25-det-europeiske-egenerklaeringsskjemaet-espd

4. Kvalifikasjonskrav

For å kunne få sitt anbod evaluert må leverandøren fylle ut det elektroniske eigenerklæringsskjemaet om at han oppfyller alle kvalifikasjonskrav som er gjeve opp nedanfor. Den eller dei leverandørane som vert innstilt til å inngå kontrakt må før kontrakt vert inngått dokumentere at kvalifikasjonskrava er oppfylt i samsvar med dei opplyste dokumentasjonskrav.

4.1 Skatteattest

Krav	Dokumentasjonskrav
Norske leverandørar skal ha ordna forhold med omsyn til betaling av skatt, arbeidsgjevaravgift og meirverdiavgift.	Skatteattest, ikkje eldre enn 6 md.

4.2 Leverandøren si organisatoriske og juridiske stilling

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal være registrert i eit føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.	▪ Norske selskap: Firmaattest ▪ Utanlandske selskap: Godtgjering på at selskapet er registrert i føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert

4.3 Leverandøren si økonomiske og finansielle stilling

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren plikter å holde ansvarsforsikring.	Forsikringsbevis.

Dersom leverandøren har sakleg grunn til ikkje å leggje fram den dokumentasjon oppdragsgjevar har kravd, kan han dokumentere sin økonomiske og finansielle kapasitet ved å leggje fram eitkvart anna dokument som oppdragsgjevar ser som eigna.

4.4 Leverandøren sine tekniske og faglege kvalifikasjonar

Krav	Dokumentasjonskrav
Tilbydar må ha evne til å gjennomføre oppdraget	Gi ei oversikt over føretaket si bemanning, samt ei kort skildring av korleis oppdraget er planlagt, bemanna og gjennomført. Skriv ei kort redegjering i vedlegg B
Tilbydar for dette oppdraget skal ha den nødvendige kompetanse for å gjennomføre oppdraget.	Skriv ei kort redegjering i vedlegg B
Ein person i tilbydars organisasjon må ha arbeidsvarslingskurs på nivå 2 (kurs for ansvarshavande)	Dokumentasjon for gjennomført arbeidsvarslingskurs nivå 2. Legg som vedlegg til vedlegg B
Sjåførar som skal utføre vintervedlikehaldet skal ha eller må ta arbeidsvarslingskurs nivå 1	Liste over sjåførar med/ eller som skal ta kurs om kontrakt vert signert. Leverandøren må kunne lagge fram dokumentasjon på utført kurs pr. sjåfør om oppdragsgjevar etterspør dette. Legg som vedlegg til vedlegg B

5. Tildelingskriterium

Tildelinga skjer på grunnlag av kva tilbod som er det økonomisk mest fordelaktige, basert på ei heilheits vurdering av kriteria, timepris for vintervedlikehald, kvalitet på tilbydt brøytemateriell og miljø.

Kriterium	Vekt	Dokumentasjon
Timeprisar for vintervedlikehaldsarbeid	60 %	Fyll ut vedlegg 4, arkfane «Prisar rode»
Tilbydd brøytemateriell	10 %	Fyll ut vedlegg 4, arkfane «maskinliste roder»
Miljø	30 %	Fyll ut vedlegg 4, arkfane «maskinliste roder»

Alle leverandørar må levere tilstrekkeleg dokumentasjon for vurdering av tilbodet i forhold til tildelingskriteria. Det vises til dokumentasjonskrav beskrive nedanfor.

Oppdragsgjevar vil nytta ein poengskala frå 0-10.
Ingen leverandør kan oppnå lågare poengscore enn 0. Poengsum blir multiplisert med aktuell vekt.

5.1 Timeprisar for vintervedlikehaldsarbeid

Det skal gis ein pris vintervedlikehaldstenester. Alle prisane skal angis pr. time eks. mva. inkludert personell og materiell. (Pr. maskin med utstyr og førar).
Den leverandør som har lågast evalueringssum vil oppnå høgast poengscore.

5.2 Tilbydd brøytemateriell

I denne konkurransen vil oppdragsgjevar legge vekt på den konkrete kvalitet og effektivitet på det materiell som skal nyttast ved utføringa av vintervedlikehaldsarbeidet.
Poeng vil bli gitt ut frå oppdragsgjevars skjønnsmessige vurdering av i kor stor grad det tilbodne materiell er egna til å tilføre effektivitet og høy kvalitet på tenesta som skal utførast.
I vedlegget skal det blå feltet for kvar maskin fyllast ut. Lista over maskiner gjeld samla for kvar delkontrakt (rode) i konkurransen.
For kvar rode skal minimum ein av hovedmaskinane vera ein traktor med minimum motoreffekt på 100 hk. Det er og eit krav at alle tilbydde traktorar har firehjulstrekk.
Leverandøren står fritt til å tilby fleire maskinar for utføring av arbeida på rodene, føresett at maskinane oppfyller minimumskrava som er oppgitt, dette gjeld og tilleggsmaskinar.
Ettersom det tilbodne materiell er gjort til eit konkurranseelement, har leverandørane ikkje høve til å endre materiell etter at tilbod er gjeve utan oppdragsgjevar sin godkjenning. Har leverandøren tilbydd fleire maskiner, har oppdragsgjevar til ei kvar tid rett til å velje kva for maskin som skal nyttast ved utføringa av arbeidet.

5.3 Miljø

Tilbydarane skal oppgi euroklasse på motorane til utstyret som skal nyttast i konkurransen. Dette skal førast i vedlegg D – arkfana «Maskin roder».
I vedlegget skal det blå feltet for kvar maskin fyllast ut. Lista over maskiner gjeld samla for kvar delkontrakt (rode) i konkurransen.
Det skal vere minimum éin traktor med minst 100 hk per rode. Leverandøren står fritt til å tilby fleire maskiner i tillegg for utføring av arbeida på rodene, føresett at maskinane oppfyller minimumskrava som er oppgitt
Poenggiving for dette tildelingskriteriet skjer på følgjande måte:

- Euroklasse 6 / Steg V-motor: 10 poeng
- Euroklasse 5 / Steg IV-motor: 6 poeng
- Lågare euroklasse enn 5: 2 poeng

Det skal gå klart fram kva maskinar som er hovudmaskinar og tilleggsmaskinar både hovudmaskinane og tilleggsmaskinar som blir evaluerte etter dette kriteriet.
Tilleggsmaskinar skal oppfylle dei same minimumskrava som er stilte til hovudmaskin

Endeleg poengsum for tildelingskriteriet blir rekna som gjennomsnittet av poengsummane til hovudmaskinane og reservemaskinane

6. Innlevering og utforming av tilbod

6.1 Innlevering av tilbod

Anbodet skal leverast elektronisk via http://www.kgvlight.com.

Dersom du ikkje er bruker hos EU-Supply, eller har spørsmål til funksjonalitet i verktøyet, ta kontakt med EU-Supply brukarstøtte på tlf. 23 96 00 10 eller på e-post til kgv@eu-supply.com.

Tilbodsfristen er absolutt. For seint innleverte tilbod vil bli avviste av konkurransegjennomføringsverktøyet. Vi rår til at tilbodet blir levert i god tid før tilbodsfristen. Dersom det kjem tilleggsinformasjon frå oppdragsgivar som fører til ønskje om å endre tilbodet, kan tilbodet leverast på nytt fram til tilbodsfristen. Leverandøren ber risikoen for feil eller forseinkingar i innleveringa.

6.2 Tilbodet si utforming

Tilbodet skal leverast på norsk, og etter den utforming det elektroniske systemet for innlevering angir.

Anbodet skal vera utforma i samsvar med den disposisjonen som følgjer av dette konkurransegrunnlaget. Leverandør er sjølv ansvarleg for at alle spørsmål, krav og avklaringspunkt vert svart på/opplyst og dokumentert i anbodet.

Anbodet skal utformast med denne disposisjonen:

- Eigenerklæring om at leverandøren oppfyller alle kvalifikasjonskrav for deltaking i konkurransen, Utfylt ESPD.
- Dokumentasjon i pkt. 4.1 – 4.3 i eit pdf. dokument.
- Skjema for kvalifikasjonskrav punkt 4.4
- Forpliktelseserklæring, skal berre leverast dersom leverandørar støttar seg på kapasiteten til anna verksemd. Anbodsbrev utfylt og signert av ansvarleg representant for leverandøren.
- Utfylt, Prisskjema og maskinliste
- Egenerklæring om helse, miljø og sikkerhet (HMS)
- Tilbydar sine atterhald og teiepliktige opplysningar
- Sladda-/innsynsversjon av anbod der informasjon som er forretningshemmeligheter er sladda (i eit pdf dokument)

7. Kontrakt

Kontrakten vil inneholde den hele og endelige avtale mellom partene. Den vil oppheve enhver beskrivelse, betingelse, avtale og annet før kontraktsinngåelsen. Dette gjelder muntlig, så vel som skriftlig kommunikasjon.

Kontrakten vil, i prioritert rekkefølge, bestå av: Undertegnet forside med kontraktsvilkår, dette konkurransegrunnlaget med relevante vedlegg, eventuelle avklaring og endringsbilag (bilag som kan komme til anvendelse etter inngått avtale) og leverandørens tilbud med relevante vedlegg.

7.1 Samarbeid og endringer

Leverandøren må være sterkt involvert i oppstartsfasen, og delta på informasjonsmøter. Leverandøren plikter å delta på møter som oppdragsgiver inviterer til i avtaleperioden.

7.2 Oppsigelse

Avtalepartene aksepterer at oppsigelse av avtalen eller enhver endring av avtalen som følge av pålegg fra norske myndigheter eller EØS-organer ikke medfører erstatningsplikt partene imellom.

7.3 Ekstraordinær oppsigelse

Oppdragsgiver kan si opp avtalen dersom KOFA eller domstolene kommer til at beslutning om valg av leverandør for denne kontrakten er i strid med regelverket for offentlige anskaffelser.

7.4 Transport av avtalen

Partene kan ikke overdra sine rettigheter og forpliktelser etter denne avtalen uten skriftlig godkjenning fra den andre part.

7.5 Underleverandører

Dersom tilbudet inkluderer leveranser fra andre leverandører, skal leverandøren på alle måter stå ansvarlig for disse når det gjelder oppfyllelse av kontrakten.

8. Vedlegg

Vedlegg A - Generelle kontraktsvilkår
Vedlegg B - Skjema for kvalifikasjonskrav punkt 4.4
Vedlegg C - Arbeidsinstruks for vintervedlikehald
Vedlegg D - Prisskjema og maskinliste
Vedlegg E - Tilbodsbrev
Vedlegg F – Forpliktelseseklæring
Vedlegg G - Egenerklæring om helse, miljø og sikkerhet (HMS)
Vedlegg H - Tilbyder sine atterhald og teiepliktige opplysningar
Vedlegg I - Eigenrapporteringsskjema
Vedlegg J - Oversikt kommunale vegar
Kart over rode 1
Kart over rode 2
Kart over rode 3
Kart over rode 4
Kart over rode 5
Kart over rode 6
Kart over rode 7
Kart over rode 8
Kart over rode 9
Kart over rode 10